



**Dato:** 10.08.23  
**Deltakarar:** Samnanger kommune: Knut Harald  
Skyss: Målfrid Vik Sønstabø, Egil Wiken Sunde, Tom Arne Steinstad

## Referat møte Samnanger kommune og Skyss

Skyss v/Målfrid innleia møtet og ønska velkommen, før ein rask presentasjonsrunde. Skyss presenterte bakgrunn for den tidlegare gjennomførte soneinndelinga og generelle føringar for dette arbeidet, til dømes at grenser bør følge fjell og fjord og at dagens sonestruktur legg til rette for at lengre reiser kostar meir enn korte reiser. Det blei poengtert at ei ev. avvikling av sone F, som Samnanger kommune inngår i, også vil påverke reisande som passerer gjennom sona (t.d. frå Voss eller Odda).

Samnanger kommune v/Knut Harald viser til at ein snart opnar dobbelt jernbanespor til Arna, som gir ei kort reisetid på berre 20 minutt. Kombinert med ein tenkt integrasjon i sone A, vil kollektivtilbodet bli veldig sterkt. 40-50 % av yrkesaktive jobbar i Bergen, og kollektivtilbodet mot Bergen er derfor at stor viktigheit. Knut Harald var også tydeleg på at dersom det blir gjort endringar i sonestrukturen, må Samnanger kommune bli høyrte.

Skyss uttrykte forståing for desse synspunkta, men viser til at Skyss har ein utredningsplikt i spørsmål som dette, i tillegg til at ev. endringar i sonestrukturen er av prinsipiell natur som krev politisk behandling. Ei utredning finn stad først ved prioritering og bestilling frå politisk hald.

Skyss takkar for positivt møte. Med ønskje om ein konstruktiv dialog i framhalda.